

› 2. Rammevilkår

Visjon og verdigrunnlag

Eit viktig fundament for kommunen sitt arbeid er visjonen og verdigrunnlaget. Kommuneplanen, og dermed økonomiplanen, skal vere tufta på desse.

Visjon: **Giske kommune – ein engasjert medspelar.**

Giske kommune skal vere den gode samspelkommunen. Politisk og administrativt skal ein søke å få til gode og løysingsorienterte samarbeid, som bidreg til at kommuneplanen sine mål blir realiserte.

Verdigrunnlag:

Arbeidet vårt skal vere prega av:

- Respekt
- Engasjement
- Løysingsvilje
- Kvalitet

Giske kommune sitt slagord:

Historisk og framtidsretta

- **Historisk** fordi vi tek vare på dei verdiane vi har i kultur og natur.
- **Framtidsretta** fordi vi skaper og grip moglegheitene som ligg framfor oss.

